

RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV ORDINÆRE KULTURMIDLAR

Målgruppe

Dei ordinære kulturmidlane er delt i tre kategoriar, og lag/organisasjonar som driv kulturaktivitetar innanfor kategoriane vil vere målgruppe for midlane. Dei tre kategoriane er:

- Song og musikk
- Idrett og fysisk aktivitet
- Frie lag og organisasjonar

Aktivitetane må vere retta inn mot barn og unge.

Kven kan søke

Lag og organisasjonar heimehøyrande i Haram kommune kan søkje om ordinære kulturmidlar. Laget/organisasjonen må vere registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysundregistrene. Som hovudregel kan berre hovudlaget og ikkje undergrupper i laget/organisasjonen søkje.

Søknadsfrist

Søknadsfristen for søknad om ordinære kulturmidlar vert sett til 15. april kvart år. For seint innkomne søknadar får ikkje tildelt kulturmidlar.

Korleis søke om kulturmidlar

Kommunen legg til rette for å sende elektronisk søknad gjennom kommunen si heimeside. Denne skal nyttast. Dersom det oppstår problem med innsendinga av elektronisk søknad, kan e-post til postmottak@haram.kommune.no nyttast.

Kva må søknaden innehalde

Søknaden må innehalde informasjon om aktiviteten i laget. Årsmelding, rekneskap og medlemslister (ikkje støttemedlemmar) skal leggst ved. Fordeling av medlemmer på ulike aldersgrupper går fram av søknadsskjemaet og må fyllast ut.

Vilkår for å få tildelt kulturmidlar

- Aktivitetane i laget/organisasjonen skal bidra til å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion m.v.
- Aktivitetane i laget/organisasjonen skal vere i tråd med den alkoholpolitiske handlingsplanen for kommunen.
- Laget/organisasjonen skal akseptere kommunen si ordning med følgjekort.
- Laget/organisasjonen skal nytte Friskus, kommunen sin felles kalender og informasjonskanal for aktivitetar og frivillig innsats.
- Laget/organisasjonen skal ikkje primært ivareta medlemmane sine yrkesmessige og/eller økonomiske interesser.
- Laget/organisasjonen skal ha ei demokratisk oppbygging og drift.
- Tildelte midlar skal bidra til å fremje aktiviteten i laget/organisasjonen.

Innstilling til fordeling

Kommunedirektøren innstiller til fordeling av midlane. Haram Idrettsråd vert bedt om uttale til fordeling av midlane til idrett og fysisk aktivitet.

Tildeling av midlane

Mynde til tildeling av midlane vert delegert frå kommunestyret gjennom kommunen sitt delegasjonsreglement. Kulturutvalet har dette myndet fram til kommunestyret eventuelt vedtek endringar.

Fordeling av midlane vert gjort på grunnlag av desse retningslinjene og eige skjøn.